

Skal bry seg meir

Ved hjelp av meir utfordrande spørsmål håper barnehagane at dei raskare kan hjelpe barn i Time som har det vanskeleg.

BRIT ROMSBOTN | tekst og foto
br@jbl.no

SAMTALAR: – Eg har opplevd at foreldre som har vanskar med alkohol, ofte har fortalt om problemet når eg har stilt spørsmål. Når eg deretter har spurt kvifor dei ikkje har sagt noko tidlegare, har svaret vore at eg aldri har spurt, fortel Maria Tjaum Eimstad, styrar i Kvernaland barnehage.

Rus og psykiatri

Foreldresamtalane i Time kommune har vore forskjellige frå barnehage til barnehage. Det meste har handla om kva mat barnet likar, korleis det søv og om det har allergiar.

No skal samtalan utviklast. Spørsmål som rus, depresjonar og psykiatri er tekne inn i skjemaet som dannar grunnlaget for samtalan med foreldre til dei nye barnehagebarna.

– Foreldra får tydeleg beskjed om at dei ikkje må svara på desse spørsmåla, dersom dei ikkje ynskjer det. Når samtalen



NYE SPØRSMÅL: Frå venstre: Berit Time Bø, Lyeifjell, Maria Tjaum Eimstad, Kvernaland, Ellen Marie Svendsvoll, Ådalen, Alvild Bø, Nyland, Annette Johnsen Salte, Austbø, Linda Hansen, Monsanut, Tor Inge Pettersen, Trollongane, Monica Tjosevik Dybing, Maurtua, Marit Almås Kindervåg, open barnehage.

er slutt, får dei også høve til å fortelja si oppleving av korleis samtalen har vore. For oss er det viktig å få fram at dette handlar om å gjera ting best mogleg for barna, og ikkje om å skapa vanskelege situasjonar for foreldra. Barna skal vera i fokus, ikkje foreldra sitt privatliv, seier Monica Tjosevik Dybing, styrar i Maurtua barnehage.

Erfaringar frå andre kommunar er at foreldra utan særlege vanskar i privatlivet, reagerte mest negativt på spørsmåla i foreldresamtalane. Dei som har pro-

blem, opplevde spørsmåla meir positive.

Det er styrarane i dei kommunale barnehagane som sjølv har teke initiativet til dei utvida samtalan. Bakgrunnen er mellom anna at dei veit mindre om barnehagebarna no enn det dei gjorde tidlegare. Barnehagane er blitt større, og folk flyttar meir. Det er også mange tilfelle der barn har levd under vanskelege tilhøve utan at barnehagane er klar over det.

– For det blei full barnehagedekning, visste me om det var

spesielle tilhøve i heimen som gjorde at barna fekk barnehageplass. No får alle søkjarar plass, og me veit mindre om kvar barn når dei byrjar i barnehagen. Både rus og psykiatri verkar inn på korleis barna har det, sjølv om foreldra ikkje trur at det er tilfellet, seier Ellen Marie Svendsvoll, styrar i Ådalen barnehage.

Mindre skam

Det er dei pedagogiske leiarane i barnehagane som skal gjennomføra foreldresamtalane. Den 27. april blir det arrangert opplæring i korleis desse skal gjennomførast.

– Det handlar ikkje berre om å stilla dei rette spørsmåla. Ikkje minst er det viktig korleis me handterer den informasjonen som kjem. Kva svarer ein når mor fortel at ho har angst, påpeiker Annette Johnsen Salte, styrar i Austbø barnehage.

For barnehagestyrarane er det viktig å få fram at dette skal vera til det beste for barnet.

– Me som arbeider i barnehagane kan i mange tilfelle gje hjelp. I nokre tilfelle kan hjelpe vera ekstra foreldresamtalar der me sit saman og snakkar om ting som er vanskelege. Døme på ting som kan løysast her, er vanskar i forhold til det å setja grenser, seier Berit Time Bø, styrar i Lyeifjell barnehage.

Eit anna døme er foreldre som slitt psykisk og som opplever det som krevjande å gå inn i barnehagen og levera barnet.

– Dersom me veit om problemet, kan me ha ein avtale der me møtest med porten og tek imot barnet der. Det er ikkje rett at dette er noko som skal hindra barnet i å gå i barnehagen, seier Alvild Bø i Nyland barnehage.

Tor Inge Pettersen, Trollongane barnehage, er opptekten av målet om å gjera det beste for barnet.

– Det handlar om å vera meir

opne og skapa mindre skyld og skam, seier han.

Set tankar i gang

Andre gongar kan det vera vanskar som krev anna fagleg hjelp, til dømes frå Familievernkontoret eller PPT (pedagogisk psykologisk teneste). Barnehagen kan då hjelpe foreldra til å finna det rette tilbudet.

– Ofte er det slik at foreldra sjølv har ei kjensle når barnet ikkje har ei heilt normal utvikling. Noko som er viktig å vita, er at det ved dysleksi er viktig å setja tiltak raskt i verk. Jo tidlegare hjelp barnet får, dess betre er det. Det gjeld for absolutt alt, seier Linda Hansen, styrar i Monsanut barnehage.

– Trur de at de vil få ærlege svar frå foreldre når de spør etter om ting som opplevst som vanskelege?

– Kanskje ikkje i første samtalen. Men ofte er det slik at spørsmål set i gang tankar. Me trur at spørsmål om det som er vanskeleg kan gjera at det blir lettare å fortelja. Eg trur at me alle er slik at ting blir lettare når me får setja ord på dei, svarer Maria Tjaum Eimstad.

FAKTA

FORELDRESAMTALE:

■ Ein samtale mellom foreldre og barnehage. Samtalen går føre seg når barnet startar i barnehagen.

■ Styrarane i dei kommunale barnehagane i Time skal frå komande barnehageår utvikla foreldresamtalane. Målet er å avdekkja fleire tilhøve som verkar inn på korleis barnet har det.

■ Tanken er at dess tidlegare ting blir avdekkja, jo enklare er det å hjelpe.

SALG - SALG



ALLE LAGERFØRTE TAPETER
÷25%

EN MENGDE TAPETER (rester)
÷50%



ALLE FERDIGSYDDE GARDINER
m/sømgaranti, lengde 2,16
÷30%



ALT INNEN SOLSKJERMING fra Kirsch
÷20%

ALLE LAGERFØRTE TEPPER OG GULVBELEGG
÷20%

ALLE AVPASSA TEPPER
÷30%

Vi har egen interøkonsept og kommer gjerne hjem til deg for gode råd og veiledning.

FARGERIKE NÆRBØ
Apert: Mån.-tor. 9-18. Fre. 9-16.30. Lør. 9-13.
Jadarvegen 6 A
Tlf. 51 43 33 11

Tilbudene gjelder så lenge beholdningen rekker t.o.m. lørdag 26. januar.
post@nærbøfargerike.no